



Sak nr D-

Vår dato:
03.03.2016

Vår referanse:
2008/511-5661/2016


Vår saksbehandlar:
Jorunn Alise Steinsvåg

Direkte telefonnr.:
53 42 30 22

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Hordaland fylkeskommune
Utval for opplæring og helse
Postboks 7900
5020 BERGEN



UTTALE OM TANNHELSETENESTA I BØMLO KOMMUNE FRÅ RÅD FOR LIKESTILLING AV FUNKSJONSHEMMA

Uttale frå Råd for likestilling av funksjonshemma i Bømlo kommune
Viser til utdrag frå fylkesrådmannen i Hordaland sitt framlegg:

4. Sør tannhelsedistrikt

Sør tannhelsedistrikt vil i løpet av planperioden konsentrera sitt tannhelsetilbod på 4 store tannklinikkar – Stord tannklinikk, Husnes tannklinikk, Bremnes tannklinikk og Sveio tannklinikk. Klinikstrukturplanen inneber vedtak om:

- Fylkestannlegane i Hordaland og Rogaland samarbeider med ei samordning av tannhelsetilbodet i området Etne kommune/Vindafjord kommune (Rogaland). Dette vil bli fremma som ei eiga sak i løpet av 2016.
- Rosendal tannklinikk blir lagt ned i 2016.
- Langevåg tannklinikk blir oppretthalden inntil kommunestruktur og oppgåvefordeling er avklart i 2017.
- Ny tannklinikk i Sveio blir etablert i 2023.

Råd for likestilling i av funksjonshemma i Bømlo ser med uro på ei aukande sentralisering i høve tenestetilbod. Dette gjer tenestene mindre tilgjengeleg for folk flest men og for menneske med nedsett funksjonsevne. Dersom Langevåg tannklinikk vert nedlagt medfører det lang reisetid for dei som er busett sør i kommunen. Kollektivtilbodet er lite utbygd, noko som i praksis vil sei at ein brukar dagen på å reise til tannlækjar. Me meiner det er særst viktig at tilbodet på Langevåg vert oppretthalde også etter 2017.

Med helsing

Bømlo kommune
Rådhuset

Jorunn Alise Steinsvåg
formannskapssekretær